

FAU-møte 1.oktober 2018

mandag 1. oktober 2018 19:14

Leiar: Geir Hauge

Nestleiar: Hege Fuhr

Sekretær: Elisabeth Dale Larsen

Sak 1: Årsplan er sendt ut på førehand.

Årsplan er godkjent fram til 31.des 2018. Då veit me det blir endringar med ein ny base, og ny organisering. Difor må den opp på ny då med dei aktuelle endringane.

Sak 2: Gaupne barnehage i utvikling og endring:

Styrar informerar om korleis det ligg an med den planlagde utvidinga av Gaupne barnehage:

Den nye basen som skal halde til ved gymsalen, som heretter blir kalla Raud base, er no under planlagt renovering.

Det skal skiftast golv, og leggst varmekablar.

Det skal setjast inn nytt ventilasjonsanlegg.

Det skal målast på alle vegger.

Det skal setjast inn nye dører med store glas, slik at ein får inn mykje lys.

Garderobane skal forbeholdt med lyd og luft, og vaskar og toalett.

Alle krav som miljøretta helsevern stillte, må vera i orden før ein kan starte opp barnehage.

Det skal setjast opp gjerde "rundt" gymsalen, som blir uteområdet til barnehagen.

Barnehagen er vil framheve at uansett kva løysing det blir på kven barn og tilsette som skal vera på Raud base, så blir det lagt opp ein plan på å vera fleire gonger i veka oppe i Gaupne barnehage, både inne og ute. Borna og dei tilsette er i Gaupne barnehage, og ikkje i ein separat barnehage nede ved skulen.

Det er ikkje mål om at borna skal "starte på skulen" eit år tidlegare dersom ein skulle gå for å flytte Klubb-borna til Raud base. Årsplanen og rammeplanen for barnehagane seier noko om korleis me jobbar med alle barn. Og det er likt anten dei går på Raud eller Oransje td.

Søknadsfristen for suppleringsopptaket er 1.november og det er fyrst etter det at ein veit kor mange barn som søker plass og kor mange plassar me treng bruke på Raud base.

Det er ikkje bestemt korleis ein løyser barnegruppene etter suppleringsopptaket. Det er fleire aktuelle måtar.

Eit alternativ er å rullere i 14-dagars bolkar, der eksempelvis Oransje er to veker på Raud, så er Turkis to veker der, før Raud er der i to veker. Slik blir det rullering og alle borna i blanda aldersdelte grupper får vera der nede. Og då kan ein kanskje tenkje at det er forløpet til ei framtidig friluftslivgruppe; eller friluftslivprofil-organisering.

Det er altså fleire alternativ til korleis organisere borna etter 1.januar 2019, og ein tenkjer det er mest hensiktsmessig å vente til suppleringsopptaket før ein avgjer kva løysing ein går før.

Dette blir teke opp i medraderettsmøte og i FAU/SU-møter i november. Slik at ein saman finn den beste løysinga.

Barnehagen presiserar at det ikkje blir to separate barnehagar, uansett korleis ein løyser "kabaln". Det vil bli handlingsplanar på korleis Raud òg blir ein del av barnehagen, med jamnlege besøk i barnehagen, personalarbeidsplass både der nede og i barnehagen, og grupper frå barnehagen er nede på Raud.

Dersom det skulle bli ei løysing der dei eldste skal vera der nede, så er det ikkje snakk om at dei byrjar eitt år tidlegare på skulen, slik som nokre foreldre fryktar. Barnehagen har ein årsplan som dei føl, og som seier noko om eigenverdien av leik i barnehagen. Dette kan ein ikkje gå vekk i frå. Det er oppvekstsenter i mange bygder, der barnehagen ligg tett på skulen. Det er likevel barnehagar og

ikkje "før-skular".

FAU presiserar at dei støttar barnehagen i at barnehagen får til eit godt pedagogisk tilbod på Raud. Avisoppslaget som kom før kommunestyremøtet var retta mot administrasjonen og prosessen i denne saka.

Styrrar tykkjer likevel det var uheldig for barnehagen å få slik omtala i avisa.

Foreldre har reagert på at heile foreldregruppa ikkje var informert om at FAU ville sende brev til kommunen, og vart overraska over at det var vinkla slik i avisa. Ikkje alle foreldre sto bak denne klaga, og det kom ikkje fram.

I forhold til uteområdet vil det vera viktig å ha ulike leikeapparat til ulike aldersgrupper. Personalet blir med på å ynskje uteleiker til området.

FAU tek med seg vidare til SU at det ikkje skal vera ein *plan* om ein ny permanent løysing, men ei konkret løysing på den permanente basen i august 2020.

FAU har fått innspel på om ein kan stoppe prosessen. Dette vart ikkje vurdert som aktuelt i FAU.

Julefest: Torsdag 6.desember

FAU har arbeidsmøte 29.november.

Ymse:

Ingen innkomne saker.

Omvisning på Raud base. FAU er spent på om 1,5 mill er nok til å oppgradere lokalet.

Men er elles positive når personalet er positive.

Ref: Anne Merethe Kvalsøren